

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**  
**Møtested:** Mjøsvang Kafe, Vang  
**Dato:** 29.04.2019  
**Tidspunkt:** 11:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til undertteikna på e-post eller mobil 94880564.  
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Ivar Kvalen, Kjersti Bjørnstad og Iselin Jonassen har varsla forfall ved førebels innkalling.  
Vararepresentantane Marit Tennø, Øystein Andreassen og Svein Blankenborg blir med dette innkalla.

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 11/2019	Godkjenning av innkalling		
ST 12/2019	Referatsaker		
RS	Annonsert arrangement: GALDHØPIGGEN 2019 (DJ DUGNAD)		2019/4527
RS	Midler til nasjonalpark- og verneområdestyrer i 2019		2018/624
RS	Miljødirektoratet - Bruk av droner i verneområder - Forholdet til landbruksnæring		2019/7384
RS	Memurubu Turisthytte - Tilbakemelding - Behandling av avfall og opprydding i Memurubu		2019/5429
RS	Rapport 2019 - Jotunheimen nasjonalpark - Snødekt mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring av eksisterende løyper - Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen		2019/9193
RS	Kjentmannstur Grindaheim RKH - rapport 2019		2019/5461
ST 13/2019	Delegerte vedtak		
2/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport med snøskuter i samband med byggearbeid - Memurubu Turisthytte		2019/8247
3/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming av Høgruta - Fri Flyt v/Christian Nerdrum		2019/8145
4/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Motorferdsel - Bruk av snøskuter for frakt av utedo - Russdalen Beitelag		2019/9543
5/2019	Delegert vedtak - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone - Kartlegging av apollosommerfugl - Håkon Gregersen		2019/8866
6/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming - Visit Jotunheimen		2019/8246
ST 14/2019	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog 2019 - Prioritering		2018/615
ST 15/2019	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Intensjonsavtale - Norsk Fjellsenter		2019/6422
ST 16/2019	Jotunheimen NP - Konesjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS		2018/618
ST 17/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Endring av tilbygg kraftstasjon - Rom for dieselaggregat og lagring av brannfarlig vare - Memurubu Turisthytte		2019/6546
ST 18/2019	Eventuelt		

## **ST 11/2019 Godkjenning av innkalling**

- Godkjenning av innkalling
- Val av møteiar
- Val av to til å underskrive protokollene

## **ST 12/2019 Referatsaker**

<b>Annonsert arrangement: GALDHØPIGGEN 2019 (DJ DUGNAD)</b>	<b>2019/4527</b>
<b>Midler til nasjonalpark- og verneområdestyrer i 2019</b>	<b>2018/624</b>
<b>Miljødirektoratet - Bruk av droner i verneområder - Forholdet til landbruksnæring</b>	<b>2019/7384</b>
<b>Memurubu Turisthytte - Tilbakemelding - Behandling av avfall og opprydding i Memurubu</b>	<b>2019/5429</b>
<b>Rapport 2019 - Jotunheimen nasjonalpark - Snødekt mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring av eksisterende løyper - Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen</b>	<b>2019/9193</b>
<b>Kjentmannstur Grindaheim RKH - rapport 2019</b>	<b>2019/5461</b>

**ST 13/2019 Delegerte vedtak**

<b>2/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport med snøskuter i samband med byggearbeid - Memurubu Turisthytte</b>	<b>2019/8247</b>
<b>3/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming av Høgruta - Fri Flyt v/Christian Nerdrum</b>	<b>2019/8145</b>
<b>4/2019 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Motorferdsel - Bruk av snøskuter for frakt av utedo - Russdalen Beitelag</b>	<b>2019/9543</b>
<b>5/2019 Delegert vedtak - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone - Kartlegging av apollosommerfugl - Håkon Gregersen</b>	<b>2019/8866</b>
<b>6/2019 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming - Visit Jotunheimen</b>	<b>2019/8246</b>

Arkivsaksnummer:	2018/615-4	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	22.04.2019
------------------	------------	----------------	------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	14/2019	29.04.2019

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog 2019 - Prioritering

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at tildelt løyving til tilretteleggingstiltak ligg på litt over ein firedel av innmeldt behov/søknad, medan tildeling av skjøtselsmidlar er i tråd med søknaden. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidlar til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året. Jotunheimen er eit svært trafikkert område med stort behov for informasjon og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader.

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til arbeidet med forvaltningsplanen og brukarundersøking.

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 310 000
Drift av sekretariatet (ekskl. lønsutgifter)	Ikkje tildelt ramme til nå
Arbeid med forvaltningsplan	kr. 50 000
Brukarundersøking	kr. 200.000

2. Nasjonalparkstyret legg til grunn av løyving til sekretariatet vil liggje på om lag same nivå som i 2018 hos Fylkesmannen i Innlandet, tilpassa at det nå er berre ein forvaltar der. Fylkesmannen i Vestland har signalisert reduserte beløp til reiseutgifter for forvaltarane i høve til tidlegare år, og styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser.

3. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer midlane løyvd i bestillingsdialogen for tilretteleggingstiltak med økonomiansvar forvaltninga for 2019 slik:

Pilot innfallsport Sognefjellshytta ved Fv. 55 – utskifting av rekkverk etter snøskader	160.000
Tiltak ved bommen i Veodalen ved vegen mot Glitterheim	160.000
Vedlikehald av stig mot Vettisfossen etter vinteren	45.000
Vedlikehald etablerte tiltak	10.000
<b>Sum</b>	<b>375.000</b>

4. Prioritering av skjøtselsmidlar forvalta av SNO Jotunheimen:

Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	230.000
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	150.000
Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen	80.000
Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Guridalen	30.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	50.000
Kratt og skogrydding / vedlikehald kulturlandskap Gjendebuområdet	10.000
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	25.000
Slått av kve ved Gjendebu for ivaretaking av biologisk mangfald	10.000
<b>Sum</b>	<b>585.000</b>

5. Plassering av dei tre tildelte ferdselsteljarane (eco-counter) blir prioritert slik:
  - 1) Utkikkspunkt Sognefjellet
  - 2) Vesleløyfte på Besseggen-stien
  - 3) Knutshøe, for måling av eventuell effekt av marknadsføring i media.Dersom ein får 1 eller 2 i tillegg:
  - 4) Ny telling mot Galdhøpiggen frå Visdalen
  - 5) Telling på Folkevegen i Utladalen.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Sak 35/2018 i Nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument
- Søknad om tiltaksmidlar 2019, Elektronisk søknadssenter 10.01.19. Vedlegg 1.
- Tildeling av tiltaksmidlar 2019, Elektronisk søknadssenter, behandling. Vedlegg 2.
- E-post av 29.01.19 frå Miljødirektoratet – tildeling av midlar til styre og forvaltning
- E-post av 13.02.19 frå Miljødirektoratet – tildeling av tiltaksmidlar 2019
- E-post av 12.04.19 frå Miljødirektoratet – tildeling av ferdselsteljarar 2019

## Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 35/2018 vedtak om følgjande:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar for 2019 via elektronisk søknad til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Pilot innfallsport Sognefjellshytta ved Fv. 55 – reparasjon av rekkverk etter snøskader.
- Tiltak ved bommen i Veodalen ved vegen mot Glitterheim
- Fornyng av informasjonstavler til nytt design
- Informasjonstavler om styvingstre i Utladalen
- Nye droneforbodsskilt, standard utforming
- Brukarundersøking

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak etter tildeling

- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på plassar med skade eller fare for erosjon; m.a. mot Vettisfossen og Svartdalsoksle
- Kanalisering og erosjonssikring av parti på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen og mot Glittertinden
- Klopplugging av blaute parti Krossbu – Bøverbrean

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg:

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrte beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/risng av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Guridalen
- Styrte beite ved Gjendebu (geit)
- Styrte beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu som kurs i tradisjonsformidling og biologisk mangfald

Forvaltningsplan

- Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet

Andre tiltak

- Skuleopplegg knytt til styvingstre
- Nasjonalparkfestival

- Vedlikehold og drift av eksisterande tiltak

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort på nyåret 2019, etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner som toler meir intensiv bruk.

Vidareføring av etablert skjøtsel av kulturlandskap

#### Bestilling av tenester frå SNO:

- Oppsyn med fokus på utvalde arrangement
- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) på Sognefjellet, ved Besseggen, mot Galdhøpiggen frå Visdalen, Knutshøe og Utladalen. 2 nye + batteri til eksisterande
- Nye skilt: Standard droneskilt
- Administrasjon av tilrettelegging og vedlikehold stignett. Kartlegge behov
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar og villrein
- Oppsyn/kontroll av motorferdselløype på vinterføre.

Det vart søkt om totalt 2.025.000 kroner, fordelt på 1.400.000 til tiltak og 625.000 til skjøtsel (585.000) og informasjon om styvingsprosjektet i skjøtelsarbeidet (40.000). Vedlegg 1. Innvilga beløp til tilretteleggingstiltak i regi av forvaltninga er 375.000 kroner. Søknad om skjøtselstiltak er innvilga fullt ut med 585.000, medan informasjonstiltak om skjøtsel er definert som utanfor postformål, jf. vedlegg 2.

Søknad om 6 ferdselsteljarar er delvis imøtekome, med tildeling av 3 stk. i første omgang.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015. Pkt. 8.2 i vedtektene legg opp til at «*Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings-/tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.*»

### Vurdering

Tildelte tiltaksmidlar for 2019 er såpass avgrensa at ein ikkje finn grunnlag for å setja i verk det største innmeldte tiltaket med stigvedlikehald og oppgradering av stignett. Dette blir utsett til 2020, for å ha ein pott som gjev grunnlag for engasjement av mannskap over ein litt lengre periode. Med avgrensa ressursar vil forholdsvis stor del måtte gå til administrasjon og transport, så ein vil få meir ut av midlane om ein samlar opp mot eit større stiltak i 2020.

Det blir likevel sett av ein mindre pott til rydding av stigen mot Vettisfossen. Her er det eit fast årleg behov for rydding av stein og grus som har glidd ut i samband med snøsmelting, og dette kan kombinerast med eit anna stiprosjekt (utanom vårt område) som gjer at det uansett vil vera eit sherpalag i nærleiken av Årdal.

Dei andre tiltaka som blir foreslått prioritert er nødvendige utbetringar på etablerte anlegg: Reparasjon av rekkverk på gangbanen ved Sognefjellshytta etter snøskader. Det vart hausten 2018 sett opp ny løysing på eine sida av gangbanen for å sjå om enkel vaier på toppen held betre mot snøtrykket enn fast handlist.

Istandsetjing etter at stolpane som stod ved bommen inn mot Glitterheim måtte fjernast pga. råte i 2018. Det blir sett opp Informasjonssøyler i tråd med merkevaren, som erstatning for portstolpane som måtte fjernast. Vurdere skilt på toppen av Glitterheim – markering av toppunkt og åtvaring mot å gå ut på skavlen



Drift av etablerte tiltak krev om lag 10.000 årleg.

Om ein ser at det blir ledige midlar, held ein fram med informasjonsskilt og implementering av merkevaren på alle innfallsportar der det er gamle skilt.

### Ferdsestelling

Ein har færre teljarar enn ønskjeleg, så ein må prioritere punkta der det er viktigast å få telling i sommar:

Besseggen må sjåast i samanheng med *Nasjonale Turiststi Besseggen* og dei pågåande arbeida ved Gjende knytt til *Nasjonale Turistveger*. Ei telling for å følgje utviklinga som skjer i takt med ulike andre tiltak i området vil gje verdfull informasjon for oppfølging av området og er eit pålagt tiltak dersom det skal søkjast om autorisasjon som Nasjonal Turiststi.

Teljinga ved Sognefjellet var planlagt å gå over ein treårsperiode, men her må ein utvide til 2019 for å få teljing både før og etter tilrettelegginga av Utkikkspunkt Sognefjellet. Teljar blir flytta slik at han fangar opp dei som går over nybrua over Fantesteinvatnet.

Det er behov for ny teljing ved Knutshø, som følgje av massiv marknadsføring i media både i 2017 og 2018. Det er ønskjeleg å få talfesta om marknadsføringa har ført til vesentleg auke i trafikken. Kunnskapen ein fekk gjennom teljingane på Knutshø i 2015-16 viser at det er behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyringar. Det er i dag stor utfart over Knutshø i juni, som er ein sårbar periode – jf. Rapport med sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen frå 2015, som viser nedgang i hekkesuksess etter kvart som trafikken har auka. Det er også interesse frå forskingsmiljø for å følgje utviklinga på Knutshø, og da vil ny teljing rett etter sesongar med massiv marknadsføring gje svært verdfull bakgrunnsinformasjon.

Teljar på stigen frå Spiterstuen mot Galdhøpiggen burde stå eitt år til, for å få betre samla trafikktal for Galdhøpiggen, men ei utsetjing av teljinga til 2020 gjev ikkje merkbar dårlegare data. Teljar her må prioriterast neste år, for å få eit supplement til sommaren 2018, da det var svært bra vær og stor utfart i fjellet.

Det er vidare behov for teljar i Utladalen for å skaffe betre oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Også dette kan utsetjast til 2020, da det ikkje er spesielle prosjekt her som krev gjennomføring i år.

Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar.

Arkivsaksnummer:	2019/6422-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	08.03.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	15/2019	29.04.2019

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Intensjonsavtale - Norsk Fjellsenter

### Innstilling frå forvaltar

- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til intensjonsavtale med Norsk Fjellsenter, som vist i vedlegg til saka.
- Avtalepart er Nasjonalparkstyret
- Forvaltarane har ansvar for å følgje opp avtalen med utvikling av samarbeidet som eit ledd i besøksforvaltninga. Kontaktperson er forvaltar på knutepunkt Lom.
- Nasjonalparkstyret og den andre forvaltaren skal haldast orientert til kvar tid.
- Endeleg og formalisert avtale skal leggjast fram for nasjonalparkstyret for godkjenning.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- E-post av frå Norsk Fjellsenter, vedlagt utkast til intensjonsavtale
- Vedtekter for Nasjonalparkstyret, sist revidert 13.08.15.
- Miljødirektoratet - *Veileder M-415 | 2015 - Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder*

### Saksopplysningar

Norsk Fjellsenter er autorisert informasjonssenter for Jotunheimen og Reinheimen. Det er etablert godt samarbeid mellom fjellsenteret og forvaltarane med kontorstad på knutepunktet, men styret for fjellsenteret har foreslått ei formalisering gjennom avtale som vist i vedlegget.

### Heimelsgrunnlag

#### Delegering

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum delegert forvaltningsmyndigheit til nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjennom vedtekter revidert 13. august 2015.

#### Vedtekter

Vedtektene for nasjonalparkstyret har følgjande ordlyd:

#### **8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning**

---

«Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskapning utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og

*naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssteder.»*

## **Besøksforvaltning**

Utdrag av kapittel om Kommunikasjonsplan i veileder M-415 / 2015:

*«I tilfeller der nasjonalparker har tilhørende besøkssteder, og/eller nasjonalparklandsbyer må en felles kommunikasjonsplan utarbeides, gjerne også i tett samarbeid med landsdelsselskap, eller regionalt destinasjonsselskap og/eller med eventuelt sentrale reiselivsaktører. Hvordan involvering og organisering av arbeidet gjennomføres best mulig i praksis, vil variere fra område til område.»*

## **Vurdering**

Ei formalisering av samarbeidet med informasjonssenteret kan vera nyttig for å ha tydelege rammer som gjeld heile forvaltninga, og som gjer samarbeidet mindre sårbart ved skifte av personale. Samarbeidet må utviklast over tid, og implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker må stå sentralt.

Intensjonsavtalen vil danne grunnlaget for ein prosess som leier fram til ei endeleg avtale som sikrar god og ryddig kommunikasjon og samarbeid mellom informasjonssenteret og forvaltninga, uavhengig av framtidige skifte i personell. Ei endeleg avtale skal leggjast fram for Nasjonalparkstyret for godkjenning. Det bør takast inn eit punkt som opnar for nødvendige revisjonar for å fange opp endringar i samfunnet og eventuelle endringar i rammene for forvaltninga.

Arkivsaksnummer:	2018/618-3	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	10.04.2019
------------------	------------	----------------	------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	16/2019	29.04.2019

## Jotunheimen NP - Konsesjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i vassressurslova § 33 godkjenner Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konsesjon for Memurubu Kraftverk, med vilkår slik det går fram av vedlegget. Dette dannar saman med vedtak i nasjonalparkstyrets sak 36/2018 og NVE sitt vedtak av 18.01.2019 om konsekvensklassifisering grunnlaget for vidare detaljplanlegging av tiltaket. Detaljplan og gjennomføringsplan skal godkjennast av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) og av nasjonalparkstyret, jf. uttale frå NVE, 31.10.2018. Lom kommune skal behandle aktuelle element i utbyggings søknaden etter plan- og bygningslova. Når det gjeld gjennomføringsplanen skal motorferdsel også behandlast etter reglane i motorferdsellova med forskrifter av dei berørte kommunane, Lom og Vågå. Vidare er det ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke til tiltaket.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

1. Søknad om konsesjon for oppgradering av Memurubu kraftverk med vedlegg:
  - a. Vedlegg 1. Hydrologirapport. Skjema hydrologiske forhold Memurubu
  - b. Vedlegg 2. PRODUKSJONSBEREGNING - Memurubu 50% (Heimdalsvatnet)
  - c. Vedlegg 3. Memurubu småkraftverk – Biologisk mangfald – rapport 19. januar 2018
  - d. Tillegg: Alternativ rørtrase - Memurubu Kraftverk
2. Høyringsbrev og orientering om prosess vedrørende søknad - Jotunheimen nasjonalpark
3. Referat synfaring Memurubu kraftverk 25.09.18
4. Innkomne uttaler / innspel frå høyringspartar
5. Energianalyse for Memurubu Turisthytte utarbeidd av seniorrådgj. Nils Ola Strand, 2016
6. Sak 36/2018 i Nasjonalparkstyret med tilhøyrande bakgrunnsdokument - Overordna vurdering av konsesjonssøknad etter verneforskrifta
7. Søknad av 13.12.18 frå Kleppconsult - *Søknad om sikkerhetsklassifisering av dam og trykkrør ved Memurubu minikraftverk Lom Kommune Oppland Fylke*
8. Rapport 19.12.18 frå Kleppconsult AS - *Svar fra tiltakshaver på innkomne høyringsuttalelser vedrørende konsesjonssøknad for Memurubu Minikraftverk*
9. Brev av 18.01.2019 frå NVE - Vedtak om klassifisering av dam og vassveg Memurubu minikraftverk

## Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen behandla saka i møte 12.11.18, der det vart gjort eit overordna vedtak om dispensasjon etter verneforskrifta, som opnar for å gå vidare med planane om oppgradering og utviding av Memurubu Kraftverk, slik det går fram av vedtak i sak 36/2018:

«Kleppconsult AS får på vegne av Memurubu Turisthytte v/ Kjetil E. Sveine dispensasjon for å gå vidare med søknad om oppgradering og utviding av Memurubu Kraftverk. Dispensasjon blir gjeve med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev dispensasjon frå verneforskrifta til følgjande **tiltak**:

1. Utviding av kraftverket til inntak høgare oppe i Hestbekken, ved kote 1141, med følgjande vilkår:
  - Nytt inntak skal utformast med god terrengtilpassing, og byggast ved hjelp av helikoptertransport. Det skal ikkje lagast anleggsveg eller kjørast i terrenget på bermark ovafor dagens inntak.
  - Eksisterande inntak skal demonterast og alle delar skal fraktast ut av nasjonalparken. Terrenginngrep ved inntaket skal jamnast til og leggjast til rette for revegetering.
2. Røyrgate på øvre del av strekninga, på vestsida av Hestbekken, skal byggast ved hjelp av helikopter og blir lagt i dagen med klamring til berg. Det skal ikkje lagast anleggsveg eller kjørast i terrenget på bermark ovafor dagens inntak.
3. Røyrgata skal krysse krysse Hestbekken rett nedstrøms eksisterande inntak, og skal vidare ned mot kraftstasjonen gravast ned etter trase for eksisterande kjørespor. Gamle røyr som ligg nesten i dagen skal fjernast. Vegetasjonsmasser skal leggjast til side og takast vare på for revegetering av trase for anleggsveg og andre terrengspor.

### Vilkår:

- A. Detaljert spesifisering av inntak og røyrgate må leggjast fram for Norges Vassdrags- og Energidirektorat, for vedtak om konsekvensklassifisering av dam og røyrgate, jf. brev av 31.10.18 frå NVE: «*Konsekvensklassen er bestemmende for sikkerhetskravene som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planer starter.*»
- B. Det skal utarbeidast detaljplanar og etablerast internkontrollsystem for anlegget, i samsvar med krav frå NVE
- C. Alt gravearbeid skal avgrensast til det som er heilt nødvendig, og vegetasjonsmasse som blir fjerna skal leggjast til side og plasserast på ein måte som sikrar best mogleg revegetering av kjørespor og andre sår i landskapet.

I tillegg til dispensasjon etter verneforskrift og faglege godkjenningar frå NVE skal byggetiltak behandlast av Lom kommune i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova.

Det er vidare ein føresetnad at grunneigar gjev godkjenning til tiltaka.

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk fredete kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminne eller sikringssonen på fem meter, jf. lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendes til kulturarveininga i Oppland fylkeskommune slik at det kan gjennomførast befarung for å avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkåra for dette.

Behandling av dispensasjon for kraftstasjonsbygget, detaljplan for gjennomføring og bruk av motoriserte hjelpemiddel under anleggsarbeidet blir behandla når tiltakshavar har utarbeidd detaljplanar i tråd med krava frå NVE.»

Vedtaket i sak 36/2018 opnar ikkje for iverksetjing av tiltaket, men er klarsignal for å gå vidare med planane. Kleppconsult har ved oversending av 13.12.18 søkt NVE om klassifisering, og vedtaket om klassifisering er gitt ved brev av 18.01.2019.

Neste trinn er å utarbeide tekniske planar som fyller vilkår som følgjer av overordna vedtak og

konsekvensklassifiseringa. Detaljerte planar for anlegget skal både godkjennast av NVE og leggast fram for Nasjonalparkstyret for detaljert godkjenning etter verneforskrifta.

Utbygginga krev også godkjenning i kommunen etter plan- og bygningslova, og samtykke frå grunneigar.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

I medhald av § 64 2. ledd i *Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)* er kommunen vassdragsmyndigheit for kraftverk med installert effekt inntil 1 MW:

*«Kommunen treffer vedtak om konsesjon til vannkraftverk på inntil 1 MW installert effekt etter § 8 første ledd. Kongen kan gi forskrift om unntak fra første punktum. Kommunen fører tilsyn med at utbyggingen skjer i samsvar med konsesjonen og kan kreve retting etter § 59 og pålegge tvangsmulkt etter § 60. Kommunen er myndighet etter §§ 27 og 28 for vedtak etter dette leddet.»*

Med heimel i § 1 i *Forskrift om kommunens myndighet i mindre vannkraftsaker*, som vart sett i kraft 1. januar 2018, gjeld slik unntak i verna vassdrag:

*«Kommunens myndighet til å treffe vedtak om konsesjon etter vannressursloven § 64 annet ledd omfatter ikke følgende vannkraftverk:*

*a. vannkraftverk i vernede vassdrag*

*- - - (b.-g.)*

*Norges vassdrags- og energidirektorat treffer vedtak for vannkraftverk som omfattes av unntakene i første ledd.- -»*

Forskrifta om overføring av vedtakskompetanse legg til grunn at myndigheita skal utøvast innanfor følgjande rammer (utdrag av høyringsnotat frå Olje- og energidepartementet):

- *Skjønnnet skal utøves i samsvar med de til enhver tid gjeldende retningslinjer for små vannkraftverk, jf. gjeldende retningslinjer vedtatt av Olje- og energidepartementet 18. juni 2007.*
- *For tillatelsen skal fastsettes nødvendige vilkår etter vannressursloven § 26. Utformingen av vilkårene skal ta utgangspunkt i standardvilkår utarbeidet av energi- og vassdragsmyndighetene i samråd med andre myndigheter.*
- *Godkjenning av detaljplaner og senere tilsyn i anleggs- og driftsfase skal tilligge NVE. Mindre endringer som kan inngå som del av detaljplangodkjenning tilligger NVE.*
- *Standardvilkår for naturforvaltning skal følges opp av fylkesmannen.*

Som følgje av at tiltaket ligg i nasjonalpark skal saka behandlast av vernemyndigheita, jf. § 33 i vassressurslova, der andre ledd spesifiserer at reglane i naturmangfoldlova om områdevern gjeld i staden for vassressurslova. Sidan det både er verna vassdrag og nasjonalpark er dermed Nasjonalparkstyret konsesjonsmyndigheit. Vrl. § 33 andre ledd, andre punktum spesifiserer og at reglane om sikkerheit og tilsyn i vassressurslova likevel gjeld, dvs. at NVE skal godkjenne detaljplanar for utbygging og klassifisering.

§ 33. (reglene for vernede vassdrag)

*«I vernede vassdrag ivaretas vernet særlig gjennom*

*a) reglene i denne lov, herunder særreglene i dette kapittel,*

*b) bestemmelser i vedtak etter naturmangfoldloven kapittel V, eller*

*c) rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.*

*For så vidt vassdraget går inn under vedtak etter naturmangfoldloven kapittel V, gjelder reglene i og i medhold av naturmangfoldloven istedenfor loven her. Reglene om sikkerhet, tilsyn, erstatning og hvem som kan utøve rådighet i loven her gjelder likevel. Går et vernet vassdrag inn under bindende plan etter plan- og bygningsloven, gjelder reglene i loven her ved siden av slik plan.»*

Vidare legg vassressurslova § 35 ulike føringar for tiltak i verna vassdrag:

*«I verna vassdrag der vernet ivaretas gjennom denne lov, kan eksisterende anlegg bestå og igangværende virksomhet fortsette, om ikke annet følger av §§ 66 og 67. For øvrig gjelder følgende særregler:*

-----

*6. Ombygging av eksisterende anlegg som innebærer utvidelser, kan bare tillates hvis forholdene i vassdraget etter en samlet vurdering vil være miljømessig like gunstige som før ombyggingen.*

-----

*8. Når vassdragsmyndigheten treffer avgjørelser som gjelder et vernet vassdrag etter denne lov, skal det legges vesentlig vekt på hensynet til verneverdiene. Vassdragsmyndigheten kan avslå en søknad om konsesjon uten ytterligere saksbehandling. Blir det gitt konsesjon, skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan verneverdiene antas å bli berørt og hvorfor dette ikke har vært avgjørende for vedtaket.»*

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015:

### **Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**

*Miljødirektoratet har med hjemmel i naturmangfoldloven § 62 annet ledd og tredje punktum, jf Klima- og miljødepartementets delegering av myndighet til Miljødirektoratet i brev av 14. oktober 2014, jf kongelig resolusjon av 4. juni 2010 fastsatt følgende vedtekter for nasjonalparkstyret gjeldende fra 13. august 2015:*

#### **1. VEDTEKTENES FORMÅL**

*Formålet med disse vedtektene er å legge til rette for en helhetlig og kunnskapsbasert forvaltning av de verneområder styret har ansvar for.*

*Vedtektene skal sørge for at nasjonalparkstyret skal kunne oppfylle formålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelser.*

#### **2. STYRETS MYNDIGHET**

*Dette verneområdet skal forvaltes av et nasjonalparkstyre, jf. naturmangfoldloven § 62 annet ledd tredje punktum, innenfor rammen av naturmangfoldloven, herunder lovkapittel II Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk, lovkapittel V Områdevern og verneforskrifter for de enkelte verneområdene. --- »*

### **Verneformål – forskrift**

3, pk.1.1 gjev i utgangspunktet vern mot alle inngrep i landskapet:

*«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.»*

Forvaltningsstyresmakta kan i medhald av § 3 pkt. 1.3 j) gi løyve til:

*«Oppgradering/fornyning av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.»*

§3 pkt. 1.3 j) er ein spesifikk dispensasjonsregel i verneforskrifta knytt til oppgradering/fornyning av kraftanlegg. Det vert vurdert at utviding av kraftverket med ny påverka strekning i vassdraget og forlenging av røygata ikkje kjem inn under denne paragrafen. Saka må då bli

vurdert etter den generelle dispensasjonsregelen i §4 i verneforskrifta som er erstatta av §48 i naturmangfaldlova. Det er strenge vilkår knytt til dispensasjon etter denne regelen: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

## Forvaltningsplan

Utkast til forvaltningsplan (2008), som er brukt som rettleiande dokument, gjev slike føringar:

### **Kap. 8.2 - TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST**

*«Mikrokraftverk for turisthyttene må vurderast konkret m.o.t. føremoner og ulemper, t.d. motorferdsel av diesel og støyproblem opp mot fråver av vassdragsnatur og inngrepa som bygging av mikrokraftverk inneber. Skogadalsbøen har lansert planar om bygging av mikrokraftverk som skal stå for straumforsyninga til turisthytta. Dette for å redusere helikoptertransport av diesel til motoraggregat. Det ligg og føre forslag/idear om minikraftverk både på Gjendebu, Glitterheim (Storåe) og Memurubu (Hestbekken) Memurubu turisthytte har eit minikraftverk frå 1972 (dvs. før nasjonalparken vart oppretta), effekt ca. 60 kW. Mikrokraftverk kan i nokre tilfelle vere ei god løysing ut frå ei total miljøfagleg vurdering. Det vil ikkje vere rett å tillate nye vasskraftutbyggingar i nasjonalparken for å dekkje energibehovet for turistbedrifter med høg (hotell-liknande) standard. Fylkesmannen meiner at mikrokraftanlegg nokre gonger kan vere ei løysing dersom inngrepa er små, lite synlege, inntaket av vatn lite og at krafta skal brukast på staden.»*

### **Kap. 8.14. - AVFALL, UREINING OG STØY**

*«Bruk av dieselaggregat til drifta av turisthyttene gjev ureining, støy og motorisert transport av diesel. Ofte vil bruk av dieselaggregat vere den einaste aktuelle løysinga for produksjon av elektrisk straum. Nokre stader kan tilhøva ligge til rette for bruk av mikrokraftverk. Når tilhøva ligg til rette for det, bør dette alternativet bli utgreidd. Eventuelle søknader om bygging av mikrokraftverk må vurderast i kvart enkelt tilfelle i høve til verneformålet og i høve til akseptabel standard på turisthyttene jfr kap 8.2. For slike søknader vil forvaltnings-styresmakta ta kontakt med og samarbeida med Norges Vassdrags- og Energiverk.»*

## Naturmangfaldlova

Alle tiltak vert vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12, i tillegg til dispensasjonsheimel i § 48.

## Presedens

Kraftverket var etablert før nasjonalparken vart oppretta i 1980. Verneforskrifta tek høgde for at anlegget skal kunne drivast og vedlikehaldast, jf. § 3 pkt. 1.3 h) og j). Det er nå søkt om ei utviding, slik at tiltaket må behandlast etter same prinsipp som nyanlegg. Dette gjer at det kan skapast forventningar om liknande anlegg ved andre bedrifter der dei naturgjevne forholda ligg til rette for vasskraftproduksjon. Det er kjent at DNT nå har ei konkret vurdering av mini(mikro)kraftverk ved Skogadalsbøen, og det har også vore meir uformelle diskusjonar om kraftverk kunne vera eit alternativ til dieseldrift også ved Glitterheim og Gjendebu, Det er likevel ein viss skilnad på ein plass med eksisterande kraftverk og plassar der eit kraftverk vil vera ei heilt ny etablering, slik at ein ikkje ser presedensverknaden som veldig sterk. Inngrep og påverknad på verneverdiane må uansett vurderast konkret i kvar sak.

## Vurdering

Konsesjonssøknad utarbeidd av Kleppconsult AS v/ Johannes Flaata gjer ryddig greie for alle hovudtrekk ved den planlagde utbygginga, og søknaden er vedlagt konsekvensvurdering for biologisk mangfald. Alle innkomne uttaler, med unntak av ei enkelt uttale, er i hovudsak positive til oppgradering av kraftverket. Forum for Natur og Friluftsliv i Oppland, som m.a. representerer naturverninteressene, peikar likevel på at minstevassføringa synest låg.



Utbyggjar v/ Kleppconsult har i oversending av 19.12.18 gått gjennom alle innkomne uttaler, og stiller seg positiv til å imøtekomme merknadene om best mogleg landskapstilpassing m.m. gjennom den vidare detaljplanlegginga. Når det gjeld innspelet om minstevassføring frå FNF Oppland, er det gjeve følgjande tilsvar frå utbyggjar:

*«Tiltakshaver foreslår da en ny minstevannføring på 20 l i sommerhalvåret (1mai-30sept) og 10 l (1okt-30 april)»*

Sidan utbyggjar sjølv foreslår denne tilpassinga, vil det bli innarbeidd i vilkåra for konsesjon, pkt. 1.

Vedlagt konsesjonsdokument byggjer på standardvilkår utarbeidd av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Dette er eit eksisterande kraftverk, med stort behov for utbetring av bekkeinntaket og den gamle røyrgate. I dette tilfellet blir det også søkt om utviding gjennom flytting av inntaket 31 høgdemeter oppstraums i vassdraget. Denne utvidinga gjev ikkje berre auka produksjon, men får etablert inntaksdammen på ein plass med betre landskapstilpassing. Under føresetnad av at røyrgate på øvre del av strekninga blir bygd slik det er omtala i søknaden, utan terrenginngrep ved at røyrgate blir bygd ved hjelp av helikopter og berre festa på overflata av berget, blir samla verknad av det nye anlegget snarare betre miljømessig enn det eksisterande anlegget – jf. kravet i vassressurslovas § 35, pkt. 6: *«Ombygging av eksisterende anlegg som innebærer utvidelser, kan bare tillates hvis forholdene i vassdraget etter en samlet vurdering vil være miljømessig like gunstige som før ombyggingen.»*

Eit meir terrengtilpassa og velfungerande inntak vil vera ein klar gevinst – både av omsyn til kraftproduksjonen og av omsyn til verneverdien landskap. Det har siste åra etablert seg ein markant køyreveg opp mot det eksisterande inntaket, og ein må leggje til grunn at eit nytt tyrollerinntak vil krevje mindre behov for motorferdsel i samband med drifta. Ein føreset at detaljplanen også vil gje føringar for fjerning av gammal røyrgate der denne ligg synleg i dagen, og at anlegget blir avslutta på ein måte som legg godt til rette for reparasjon og revegetering av både gamle og nye terrenginngrep.

For vurdering etter Naturmangfaldlovas §§ 8-12 viser ein til sak 36/2018 i nasjonalparkstyret.

Endeleg godkjenning vil skje når detaljplanar som oppfyller krava stilt av NVE ligg føre.

Arkivsaksnummer:	2019/6546-7	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	23.04.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	17/2019	29.04.2019

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Endring av tilbygg kraftstasjon - Rom for dieselaggregat og lagring av brannfarlig vare - Memurubu Turisthytte

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 b), godkjenner Nasjonalparkstyret endringssøknad for tilbygg for diesellager i bakkant av eksisterande kraftstasjon i samsvar med oppdaterte teikningar av 17.12.19, oversendt frå kommunen. Ein viser elles til sak 53/2016 i nasjonalparkstyret.

Tiltaket medfører også noko sprenging, og dette stiller særskilde krav til landskapstilpassing og korleis deponering av utsprengt stein skal skje. Stadeigne vegetasjonsmasser må takast vare på og brukast til overdekking av terrengingrepa ved avslutning av byggearbeidet.

Gjennomføringsplanen etterlyst av kommunen må synleggjera korleis dette arbeidet blir løyst, og må godkjennast av nasjonalparkforvaltar på vegne av styret. Det må eventuelt leggjast fram som ny sak for Nasjonalparkstyret eller Arbeidsutvalet dersom det ikkje let seg gjennomføre utan skjemmaende spor som gjev varig påverknad på landskapet.

Dette vedtaket gjeld i høve til verneforskrift, og søknaden må i tillegg behandlast av kommunen i tråd med reglane i plan- og bygningslova.

Det er vidare ein føresetnad at grunneigar godkjenner tiltaket.

--- slutt på innstilling ---


### Dokument i saka

- Sak 53/2016 i nasjonalparkstyret med tilhøyrande bakgrunnsdokument
- Søknad frå Brun Bygg om løyve til tiltak ved kraftstasjonen på Memurubu, oversendt frå Lom kommune ved e-post 22. januar 2019
- e-post av 12.02.19 til Kleppconsult v/ Johannes Flaata – spørsmål om arealbehov for ny kraftstasjon.
- e-post av 14.02.19 frå Kleppconsult v/ Johannes Flaata – tilbakemelding
- Kopi av skriv av 15.02.19 frå Lom kommune

### Saksopplysningar

Tiltaket omfattar tilbygg til eksisterande kraftstasjon og skal innehalda rom for aggregat og lagring av diesel. Ansvarleg søkjar er Brun Bygg AS

Tiltaket er planlagt i bakkant av eksisterande kraftstasjon, og vart i sak behandla i nasjonalparkstyret 05.12.2016, men da vist som tilbygg i lengderetninga på eksisterande kraftstasjon. Nye byggeteikningar revidert 17.12.18, oversendt frå kommunen i januar viser ei forskyving til eit vinkelbygg, som vist på teikning under.



Mur for å holde terrenget.  
Beregnet skrådd ut i null

— EI60

Himling i Aggregat/dieselrom og  
Turbinrom skal være EI30  
Isolasjon helt ut i gesimskasser for å  
hindre brannspredning

	PROSJEKT	SKALA	OPP
	Kraftstasjon Mørumebu	1:100	06.07.16
	REVISJON	UTGITT	UTGITT
	15.09.16	17.12.18	
PLAN	155	167	S.Løken
KONTAKT			
Kjetil Espen Sveinhe			
Flatnovegen 63, 2686 Lom			



I tillegg er det avdekket behov for sprengning av skrent i bakkant av bygget for å få plass til påbygget (dette gjeld uavhengig om dei bygger etter dei første teikningane eller dei reviderte planteikningane av 17.12.18). Foto under viser bakken bak, der det er behov for sprengning:



Kommunen har i skriv av 15.02.19 vist til at motteken søknad med vedlegg ikkje er fullstendig og gjev ikkje dei opplysningane som er naudsynte til å kunne behandlast som byggesak. Det er stilt krav om komplettering av søknad, med m.a. nærare konkretisering av sprengingsarbeid og masseuttak. Kommunen ønskjer også tilbakemelding frå nasjonalparkforvaltninga på dei varsla endringane i byggesaka.

Det er i e-post av 12.02.19 stilt spørsmål til Kleppconsult som står for planlegginga av det nye kraftverket om det nye bygget vil gje rom for både nytt kraftverk og nødvendig lager, og det er ved e-post av 14.02.19 gjeve slik svar frå Johannes Flaata:

*«Viser til mottatt e-mail og telefonsamtale vedrørende arealbehov for eventuelt ny kraftstasjon på Memurubu. Ut fra befaringer jeg har hatt isammen med Kjetil Sveine og tegninger og planer om å bygge nytt aggregat-rom så bekrefter jeg at dette vil være tilstrekkelig av arealer for ny maskinsal til ny turbin/styringsystem for det omsøkte kraftverket, slik tegningene er skissert og planlagt.»*

*Da det nye aggregat-rom er planlagt sidsforskyvet i terrenget vil det heller ikke bli noe hinder for å få koblet inn planlagt rørgate til maskinsal. Det er også fjell i området som vil gi god forankring til rørgaten.»*

## **Heimelsgrunnlag**

### **Delegering**

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

### **Verneformål – forskrift**

Etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark er det forbod mot «...oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar....graving, utfylling og lagring av masse...» (§3, pkt.1.1).

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Oppføring av nye bygningar og innretingar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan*» (§3, 1.3b).

## Forvaltningsplan

Kap. 8.2. TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST:

*«Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til mindre utviding eller ombygging av eksisterande bygningar og til bygging av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthyttene»*

## Naturmangfaldlova

Tiltak blir vurderte etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

## Presedens

Det er etablert praksis å gje løyve til tiltak som blir pålagt av omsyn til branntryggleik og liknande.

## Vurdering

Drifta ved Memurubu Turisthytte er basert på mest mogleg bruk av eigen vasskraft, men er avhengig av backup med dieselaggregat. Turisthytta er også avhengig av dieselaggregatet for vinterdrift og som supplement. Per i dag har hytta to aggregat som står i kraftstasjonen. I same rommet vert det også lagra diesel på tank mm. Dette oppfyller ikkje krav til brannsikkerheit og brannvesenet har pålagt utbetringar. Det er derfor planlagt at tilbygget skal vere ei separat branncelle som sikrar lageret.

Dei endra teikningane gjev ikkje vesentlege endringar i landskapet i høve til tiltaket som vart godkjent etter verneforskrifta i sak 53/2016, og det blir vist til vurderingane i den saka: *«Kraftstasjonen ligg litt vekke frå dei andre bygningane og turstien har ikkje innsyn til kraftstasjonen. Bjørkeskogen har begynt å dekke mykje areal rundt sjølve turisthytta og kraftstasjonen er derfor bortgøymt for folk som går Besseggen. Besøkande som går Sjugurdtinden og Bukkelægret kan delvis innsyn.. Det er ikkje kjennskap til særleg sårbare planteartar ved tiltaksområdet (§8 i nml.). Området ligg i bjørkeskogbeltet og vil gro att, men det er viktig at vegetasjon vert ståande for å hindre innsyn og at organisk materiale vert lagt tilbake som topplag i skråningar og liknande (§9 i nml.). Bygningsmassen på Memurubu er stor, men dette tiltaket er eit pålegg for drift av plassen og dermed naudsynt). - - -»*

Når det gjeld sprenging har omfang av tiltaket tidlegare vorte underkommunisert, og det er gjeve eit løyve ved eit tidlegare delegert vedtak. Sprengt stein kan vera meir utfordrande å få deponert enn lausmasser, og det må stillast krav om landskapstilpassing. Sidan dette er eit tiltak pålagt av branntekniske årsaker er det nødvendig å finne ei best mogleg løysing for å få lageret i forskriftsmessig stand. Tilbygg til eksisterande bygg er beste løysinga, og dei naturgjevne forholda rundt bygget gjer at sprenging må til for å få nødvendig plass til både diesellager og ny kraftstasjon. Separat lager er ikkje ønskeleg. Uttalen frå Kleppconsult viser at det er teke høgde for behov knytt til kraftverket, og den reviderte teikninga med sideforskyving gjev også bygget eit betre tilpassing til den kombinerte bruken.

Sprenging er likevel noko som lett kan skape skjemmande spor i landskapet, og det er viktig at konkretiseringa av arbeidet - slik det er stilt krav om frå kommunen - må synleggjera korleis landskapstilpassinga blir utført. Plan for sprenging og istandsetting av landskapet kan godkjennast av forvaltar på vegne av styret, eller ein kan leggje saka fram for styret eller AU når komplett plan ligg føre.

Vegetasjonsdekket som blir fjerna ved tomte skal takast vare på og brukast som toppdekke for revegetering etter avslutta arbeid – jf. §§ 11 og 12 i naturmangfaldlova.

## Konklusjon:

Nytt diesellager er naudsynt for drifta av Memurubu turisthytte og pålagt av offentleg myndigheit. Dette må knytast til eksisterande bygg og infrastruktur. Utviding av kraftstasjonen inn i bakken vil krevje ein del terrenginngrep, men med godt etterarbeid for terrengtilpassing og revegetering vil tiltaket ikkje bli særleg meir synleg enn den eksisterande kraftstasjonen.

## **ST 18/2019 Eventuelt**

### Orienteringssaker

#### Orientering om komande saker og aktivitetar

- Mikrokraftverk Skogadalsbøen
- Utbygginga av Fannaråkhytta – inga bygging i 2019
- Brukarundersøking
- Besseggen som nasjonal turiststi
- Innspel frå Fylkesmannen om supplerande vern

#### Orientering om ressursituasjonen i sekretariatet